



Flesland Parkering AS  
Lønninghaugen 2  
5258 BLOMSTERDALEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201210495-2/833/MORHAV

Dykkar ref.:

Bergen, 20. februar 2013

## Løyve for persontransport med motorvogn

Løyvegebyr for 2 turvognløyve er registrert innbetalt.

**Vedlagt følger løyvedokument nr 12-02-2255 og 12-02-2256.**

Vi gjer merksam på at registreringsnummeret på det køyretøy som løyvedokumentet skal nyttast på, ikkje skal påførast dokumenta.

Løyvedokument og vognkort må likevel visast fram for Trafikkstasjonen (tidlegare Biltilsynet) slik at mellom anna rette kodar kan bli registrerte.

Løyvedokument skal oppbevarast i bilen i **original**. Det skal vera samsvar mellom namn på innehavar av dokument og eigar av bil. Ved avvik - som til dømes leasing eller leigeavtale - skal dette kunne dokumenterast ved kopi av avtaledokument. Kjennemerke, chassisnummer samt leigeperiode må gå fram av avtalen.

Ved innlevering av løyvedokument vil løyvehavar få tilbakebetalt eit returbeløp på kr 1.200,-.

  
Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

  
Morten Havsgård  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: 2 løyvedokument

Kopi: Garmann, Mitchell & Co advokatfirma DA, Thormøhlens gate 53D, 5006 BERGEN



Garmann Mitchell & Co  
Thormøhlensgate 530  
5006 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201300450-2/833/MORHAV

Dykkar ref.:

Bergen, 20. mars 2013

## Søknad om dispensasjon frå krav om transportløyve for Måkestad Eiendom AS

### Bakgrunn

Flesland Parkering AS vart etter søknad tildelt 2 turvognløyve kunngjort gjennom brev med vedtak datert 20.02.2013.

Flesland Parkering AS har ved løyvesøknaden – og Måkestad Eiendom AS her ved søknad om dispensasjon – vore representert ved Garmann Mitchell & Co Advokatfirma DA, konkret og underteikna av advokatfullmektig Siv Kristiansen.

I hovudsak går dispensasjonssøknad ut på - i periodar og utan transportløyve – å supplera betalt persontransport utført av Flesland Parkering AS. Til denne transport skal de nyttast 2 kjøretøy som kvar har 8 passasjerse i tillegg til sete for sjåfør. Som type sorterert dette innan gruppa personbil.

Søknad til fylkeskommunen om dispensasjon er heimla i forskrift til yrkestransportlova § 23, 2. ledd, som lyder slik:

### **§ 23. Dispensasjon**

Samferdselsdepartementet kan gi nærmere bestemmelser om løyveordningene, og kan i særlige tilfelle gjøre unntak fra bestemmelsene i denne forskriften dersom Norges folkerettslige forpliktelser ikke er til hinder for det.

Løyvemyndigheten kan når transportmessige hensyn tilsier det gjøre unntak fra krav om løyve i det enkelte tilfelle for avgrenset transport som utføres etter avtale med annen løyvehaver og innen rammen av dette løyvet. Slikt unntak gjelder bare når transporten skal utføres med personbil, jf. forskrift om tekniske krav og godkjenning av kjøretøy, deler og utstyr (kjøretøyforskriften) § 2-2 nr. 2 a) og gis for inntil ett år om gangen. Det kan stilles vilkår for slikt unntak.

Forskrifta nemner i andre ledd fleire vilkår som må vurderast ved søknad om dispensasjon. Viktigaste - og i denne sak vesentleg vurderingstema - vil vera volum og regularitet. I søknaden vert signalisert at ein i periodar vil ha vesentleg og kontinuerleg aktivitet.

Vidare ser samferdsavdelinga avtale med annan løyvehavar, der vi registrerer same eigar som til den som her søker dispensasjon.

Samferdselssjefen vurderer saka slik, oppsett i 3 punkt:

1. dispensasjon kan verta gjeve ved lågt volum, der samla aktivitet ikkje vert rekna som tilstrekkeleg for å krevja eige transportløyve
2. løyvehavar som har avtale med dispensasjonssøklar, må kunna visa til at den her nemnde aktivitet ikkje forsvarar uttak av fleire løyve
3. transporten vert av løyvestyresmakta rekna som lovpålagt eller viktig aktivitet

Med desse 3 punkt og omtala situasjon som bakgrunn, vert det fatta slikt vedtak:

1. Måkestad Eiendom AS vert ikkje gjeve dispensasjon frå krav om løyve for den omsøkte aktivitet.
2. Løyvestyresmakta reknar det som naturleg at Flesland Parkering AS som løyvehavar, enten sjølv har kapasitet og løyvetal til aktuelt volum, eller nyttar andre løyvehavarar til transport som ikkje kan avviklast med eige materiell.

Til orientering kan dette vedtak påklagast etter Forvaltningslova §§28-30.

Klagefrist er 3 veker frå mottak av dette brev, og klageorgan er den fylkeskommunale klagenemnda. Klaga skal likevel sendast Samferdselsavdelinga som fyrste instans. I klageskriv må det gjerast greie for kva det vert klaga over. Ein gjer merksam på at det ikkje kan klagast over lovverket - berre måten lov- og regelverk vert nytta på.

  
Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

  
Morten Havgård  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Kopi av vedtak etter løyvesøknad frå Flesland Parkering AS

Kopi: Flesland Parkering AS, Lønningshaugen 2, 5258 BLOMSTREDALEN

---